

HARALD KVAALEN
HAUGANVEGEN 28
3895 EDLAND

Dato: 04.12.2025
Vår referanse: 2025/8639-2
Sakshandsamar: Per Wraa

Delegert vedtak
Kommunalsjef kultur, næring og fritid - nr. 291/25

Svar på søknad om kommunal tilskot til landbruksformål

Vedtak

1. Harald Kvaalen får eit tilskot til motormanuell hogst på kroner 14.100.-
2. Tilskotet kan krevjast tilbakebetalt, heilt eller delvis, dersom det oppstår forhold som kjem i strid med føresetnadane for tildeling av tilskotet.

Bakgrunn

Vinje kommune har 21.11.2025 motteke søknad om kommunalt tilskot til motormanuell hogst. Vedlagt målekvitteing/dokumentasjon syner at levera volum er 141 m³.

Vinje kommune har vedteke å gje tilskot til motormanuell hogst av tømmer frå skogareal i kommunen. Tilskotet gjeld omsett tømmer, og ikkje virke til eige bruk. Tilskotet blir utbetala mot å vise fram kopi av målekvitteing eller liknande dokumentasjon.

Satsane er:

- 100,- kr/m³ for spesialvirke, sagtømmer og massevirke.
- 50,- kr/m³ for vedtømmer og GFL biovirke

Harald Kvaalen oppfyller vilkåra som er sett for å få utbetala tilskot til motormanuell hogst. Vedlagt målekvitteing syner eit levera kvantum på 141 m³. Tilskot utgjer då 14.100,- kroner.

Dokument i saka

Med helsing

Per Wraa

landbruksrådgjevar
Kultur, næring og fritid

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
HARALD KVAALEN

Informasjon om retten til å klage

Jf. forvaltningslova § 28, kan du klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til mottakar. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut.

Klaga sender du skriftleg til Vinje kommune. Skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringane som er ynskjeleg og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.